

**Mal for tilstandsrapport 2015/16 vil følge prioriteringane i Styringsdokument 2013-2015. Det vil bli utarbeidd ein ny mal neste skuleår.**

**Namn på skulen:**

**Tal elevar skuleåret 2015/16:**

## 1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

### Skulen si vurdering i lys av:

Andel fullført og bestått

Andel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Andel sluttarar

### 1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)

2014/15	77,8
2015/16	98,1

### 1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)

		Andel stryk	Andel IV
Termin 1	2014/15	8,48	16,07
	2015/16	10,98	16,11
Standpunkt	2014/15	6,45	8,76
	2015/16	4,27	9,48
Eksamen	2014/15	14,05	
	2015/16	13,85	

### 1.3 Gjennomsnittleg fråvær (PULS)

2014/15	timar	33,04
	dagar	14,56
2015/16	timar	31,29
	dagar	10,52

### 1.4 Andel sluttarar Avbrotsgdato frå 1/10 (PULS)

2014/15	4,5
2015/16	1,4

**1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17**

*Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram? Dersom vi går ut frå at det ikkje er feilføring er tallene for fullført og bestått gode og viser framgang frå førre måling.. Fråværet er fremdeles høgt sjølv om det er noko lågare enn i fjor. Når det gjelder stryk og IV merker nokre fag seg ut. Blant anna PY- matematikk.*

*Forsking viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane? 1) I år deltek vi i «nærværprosjektet» der OT skal bidra til å lette overgangen mellom skuleslaga 2) Vi samarbeider tett med de lokale skulene når det gjeld informasjon til 10.trinn 3) Vi har overføringsmøter og bruker meldeskjema om enkeltelever 4) Vi går gjennom inntakskarakterane for å sjå om noen fag merker seg ut med lave karakterar frå grunnskolen. Ut frå dette har vi satt inn ressursar i matematikk og naturfag.*

*Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar? Talet på sluttarar er lågare dette skuleåret enn førre skuleår. Vi har utarbeida formelle rutinar for å fange opp elevvar som er i ferd med å falle ut, men det er alltid ei utfordring å følgje dette opp i praksis.*

*Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?*

*Ut frå dei gode tala på sluttarar og fullført- og bestått må vi sjå nærare på kva vi har gjort annleis i år enn det vi gjorde i førre skuleår.*

*I matematikkfaget vil vi sjå nærare på korleis faget kan bli meir relevant og yrkesretta for elevane. I samarbeid med Arna vgs vil arbeide etter mønster frå andre skuler i andre fylker ( Buskerud). Auka ressurstilførsel til faget er tydelegvis ikkje godt nok tiltak, ein må òg sjå på fagdidaktikk, elevfråvær i faget og lærarane sin undervisningspraksis.*

**2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16****2.1 Vurdering for læring****Skulen si vurdering i lys av:**

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

**2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:**

*Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen: Det er særleg på området eigenvurdering vi må forbetre oss.*

--

**2.1.2 Utfordringar innan «vurdering for læring»**

*Utfordringar: 1) Finne god praksis for eigenvurdering. 2) Lærere forstår omgrepa og vurderingssystemet ulikt*

## 2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

### Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

### 2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:

*Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen: Blir brukt i ulik grad. Mest til enkel bruk så som dokumentskriving, power- point, melding, innlevering av tekst, lydfiler eller filmopptak.*

### 2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»

*Utfordringar: Ulik oppfatning av kva plass IKT-skal ha i faga «bruk av dataverkty som grunnleggjande ferdigheit». I enkelte fag så som matematikk stiller eksamensoppgåvene krav til dugleik i bruk av dataverkty. Elevane er i ulik grad rusta til desse oppgåvene*

## 2.3 Klasseleiing

### Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

### 2.3.1 Vurdering av «klasseleiing»:

*Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleiing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen: Dei månadlege møte mellom avdelingsleiar, elevrepresentant og kontaktlærer tek sikte på å fange opp problem og utfordringar i undervisningsgruppene. Vi har òg månadlege klasselærarråd.*

### 2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»

*Utfordringar: 1) Låg arbeidsinnsats og høgt frávær i nokre undervisningsgrupper. Vanskeleg å få til kontinuitet i opplæringa. 2) Den enkelte lærar står kanskje aleine med problema, vanskeleg å få til ei kollektiv satsing dersom ei undervisningsgruppe ikkje fungerer godt.*

### 3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med

#### 3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket

Monitorering av læreprosessar på MK. Elevane kan sjå sin eigen læreprosess i konkret form på ein skjerm i klasseromet. Skal gi elevane oversikt, men òg høve til å meine noko om progresjon og innhald i læringa

#### 3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?

Vi trur dette kan vere eit eksempel på eigenvurdering og elevmedverknad i vurderingsarbeidet

#### 3.3 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Gjennom ei evaluering på avdelinga

#### 3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?

Vi ser på det som eit godt forsøk på å utvikle betre praksis rundt eigenvurdering

#### 3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?

Ja

### 4 Prosess knytt til tilstandsvurdering

**4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året? Bruk av felles samarbeidstid til tema**

**4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?**

*Vi har tatt opp nokre av forbetningspunkta i fagseksjonane. Til dømes eigenvurdering og medelevvurdering.*

**4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?**

**Resultatmål blir presentert i plenum. Det er noko meir tilfeldig og variabelt i kva grad lærarane er involvert. Nokre fagseksjonar arbeider godt med til dømes læringsstøttande vurdering.**

**4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet? Resultata bli presentert i elevrådet og på andre formelle møte. Elles har ein elevmedverknad i dei såkalla formøta og i undervisningsgruppene**

**4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet? Ustabile tilhøve krig skulen sin eksistens. Utsifting personalgruppe og fleire lærarar i deltidstillingar gjer det vanskeleg å få til kontinuitet i utviklingsarbeidet.**

## **5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare**

**5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen? Å smi saman pågåande utviklingstiltak frå dei to skulane inn i eit nytt felles dokument og eit felles utviklingsarbeid.**